

SIMAS IKS

► Detaljreguleringsplan Miljøstasjon Årdal

Planomtale

Oppdragsnr.: 52308612 Dokumentnr.: 001 Versjon: J02 Dato: 2024-10-03



Oppdragsgjevar: SIMAS IKS
Oppdragsgjevares kontaktperson: Andre Laberg
Rådgjevar Norconsult
Oppdragsleiar: Cornelis Erstad
Fagansvarleg: Cornelis Erstad
Andre nøkkelpersonar: Tore Andre Hermansen, Ingrid Høvik

J02	2024-10-03	For bruk	CorErs		
A01	2024-09-20	For fagkontroll	CorErs	AnMGje	CorErs
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

► Forord

Norconsult Norge AS har på oppdrag frå framleggsstillar SIMAS IKS utarbeidd detaljreguleringsplan Miljøstasjon Årdal, i Årdal kommune. Planen er utarbeidd som ein detaljreguleringsplan i samsvar med § 12-3 i plan- og bygningslova, i samarbeid med SIMAS IKS og Årdal kommune.

Planen femnar om:

- Detaljreguleringsplan med tilhøyrande planføresegner i samsvar med § 12-3 i plan- og bygningslova.
- Planomtale som klargjer mål, prinsipp og planen sine vesentlege verknader i høve miljø, samfunn og røyrde partar, interesser og omsyn i samsvar med § 4-2 i plan- og bygningslova.
- Risiko- og sårbarheitsanalyse i samsvar med § 4-3 i plan- og bygningslova. Resultata/funna i ROS-analysen er oppsummert i kapittel 6.1 i omtalen, og har gjeve føringar for utforming av planframlegget.

I Norconsult Norge AS har arealplanleggjar Cornelis Erstad vore oppdragsleiar. Kontaktperson hjå oppdragsgjevar har vore Andre Laberg.

Innhold

1	Innleiing	6
1.1	Avgrensing av planområdet	6
1.2	Føresetnader for planarbeidet	6
1.3	Vurdering etter forskrift om konsekvensutgreiing	7
1.4	Kort om planprosessen	7
1.5	Samanstilling av gjeldande og nye planføremål	7
2	Planar og føringar for planarbeidet	8
2.1	Nasjonale forventningar og regionale føringar	8
2.2	Regionale føringar	9
2.3	Lokale føringar	10
2.4	Kommuneplan for Årdal kommune – Samfunnsdelen, vedteken 16.06.2022	10
2.5	Kommuneplan for Årdal kommune – Arealdelen, vedteken 14.06.2012	10
2.6	Gjeldande reguleringsplan	11
2.7	Kommunedelplan avlaup og overvatn, vedteke 2023	12
3	Planområdet – eksisterande situasjon	13
3.1	Planområdet og dagens situasjon	13
3.2	Infrastruktur	14
3.3	Ureining	14
3.4	Støy	14
3.5	Beredskap	14
3.6	Naturtilhøve	14
3.7	Skredfare	14
3.8	Flaumfare	15
3.9	Områdestabilitet	17
3.10	Landskap	18
3.11	Friluftsliv og rekreasjon	18
3.12	Kulturminne og kulturmiljø	18
4	Planframlegget	19
4.1	Føremål	19
4.2	Kombinert føremål renovasjonsanlegg og kontor (BAA)	19
4.3	Avkøyrsløse og tilkomst	20
4.4	Annan veggrunn – grøntanlegg (AVG)	22
4.5	Grønstruktur (G)	22
4.6	Landbruks-, natur- og friluftsføremål (LNF)	22
4.7	Omsynssoner	23
4.7.1	<i>Frisikt</i>	23

4.7.2	Støysoner	23
4.7.3	Faresone – skred, H310	23
4.7.4	Brann-/eksplosjonsfare, H350	23
5	Verknadar av planframlegget	25
5.1	Staden sin karakter, landskap og estetikk	25
5.2	Støy	25
5.3	Friluftsliv	25
5.4	Naturmangfald	26
5.5	Kulturmiljø	26
5.6	Teknisk infrastruktur	26
5.7	Born og unge sine interesser	26
5.8	Universell tilgjenge	26
5.9	Eigedomsstruktur	26
6	Vurdering mot overordna mål og føringar	27
6.1	Risiko- og sårbarheit	27
6.1.1	Oppsummering av tiltak	27
6.2	Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova	28
6.3	Berekraft	29
6.4	Kommunale arealplanar	29
6.5	Nasjonale forventningar og statlege planretningslinjer	29
6.6	Økonomiske konsekvensar	29
	Vedlegg A: Merknader til varsel om oppstart av planarbeidet	30


1 Innleiing

Norconsult Norge AS har på oppdrag frå framleggsstillar SIMAS IKS utarbeidd reguleringsplan for ny miljøstasjon på Årdalstangen i Årdal. Planområdet femnar om g/bnr. 6/404 og delar av fylkesveg 53, Vikadalsvegen, for naudsynt areal til påkopling til hovudvegen og siktsone.

Miljøstasjonen skal etablerast på eit tidlegare deponi, for mellom anna tunnelmassar.

1.1 Avgrensing av planområdet

Mot nord grensar arealet mot Vikadalsvegen, ved innlaupet til Finnsåstunnelen i søraustleg retning. Austover er arealet avgrensa av elva Geisdøla som har utlaup i Årdalsfjorden. Sør og sørvest for arealet grensar ein til Hydro sitt anlegg på Årdalstangen.



Figur 1.1: Avgrensing av planområdet ved planoppstart med blå skravur.

1.2 Føresetnader for planarbeidet

Eigartilhøve: Årdal kommune er grunneigar og leiger tomta ut til SIMAS IKS. Etablering og drift av miljøstasjon er ein føresetnad for leigeavtalen.

Miljøstasjon: skal bestå av ein overbygd rampe og containerar for avlevering / sortering av avfall, eit mindre opphaldsrom for tilsette ved miljøstasjonen, samt køyreveg, snu- og parkeringsplassar. I tillegg skal området plantast til med variert grønstruktur.

Samarbeid: SIMAS IKS er eigd av fleire kommunar i Sogn, irekna Årdal kommune. Etableringa av ny miljøstasjon i Årdal er eit felles prosjekt mellom kommunen og SIMAS. Planframlegget er ikkje rekna som ein privat plan, men ein kommunal plan som vert utarbeidd i samarbeid mellom kommunen og SIMAS IKS.

Alternativvurdering: Årdal kommune har gjennomført vurdering av 9 aktuelle lokalitetar for etablering av miljøstasjon i Årdal. To av alternativa vart tidleg vurdert som ueigna, medan det vart gjennomført synfaring på dei 7 attverande lokalitetane. Etter synfaring vart det arbeidd vidare med dei 3 mest aktuelle lokalitetane, som vart gjenstand for ei grundigare vurdering. Med bakgrunn i dette konkluderte Årdal kommune og SIMAS IKS med at ein lokasjon mellom Hydro og fv.53, like utanfor Finnsåstunnelen ville vere det beste alternativet for etablering av ein miljøstasjon. Heile alternativvurderinga går fram av vedlegg E til planen.

1.3 Vurdering etter forskrift om konsekvensutgreiing

Til planinitiativet har Årdal kommune utarbeidd KU-vurdering for planarbeidet. I vurderinga går det fram at kommunen har konkludert med at planframlegget ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing. Nærare grunngjeving går fram av vedlegg D til planen.

1.4 Kort om planprosessen

Det var gjennomført oppstartsmøte mellom kommunen, SIMAS IKS og plankonsulent den 14. desember 2023. I referatet frå oppstartsmøtet går det fram at kommunen tilrår oppstart av detaljregulering. Gjennom varsel om oppstart og uttalene er det ikkje kome fram supplerande informasjon som endrar konklusjonen.

Oppstart av planarbeidet vart kunngjort i Sogn Avis den 18.06.2024, samt på nettsida til Årdal kommune. Varselbrev vart òg sendt til naboar og offentlege etatar. Merknadsfrist var sett til 15.08.2024. Det er motteke 6 innspel til oppstart av planarbeidet, 4 av desse frå offentlege etatar og dei 2 siste frå privatpersonar.

Den 27.08.2024 vart det varsla om utviding av planområdet, for å få med tilstrekkeleg areal for kryss med siktsoner mot fv. 53. Det er motteke 4 innspel til varselet om utviding, 3 frå offentlege etatar og den siste frå privatperson. I desse innspela ligg det ikkje føre anna innhald/nye opplysningar, enn det som kom inn i samband med oppstartsvarselet.

Innspela er samanfatta og kommentert i vedlegg A til planen.

1.5 Samanstilling av gjeldande og nye planføremål

Hovudføremål	Føremål	Tidlegare føremål	Areal (daa)
Bygningar og anlegg	Kombinert føremål renovasjonsanlegg og kontor (BAA)	Industri	8,7
Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur	Køyreveg (KV)	Industri	0,3
	Annan veggrunn – grøntareal (AVG)		0,3
Blå-/Grønstruktur	Vegetasjonsskjerm (VS)	Industri	0,7
LNF	LNF	Industri	7,1
Totalt			18

2 Planar og føringar for planarbeidet

Det er gjeve føringar både på nasjonalt og regionalt nivå i tillegg til dei konkrete føringane som kommunen har trekt opp for planarbeidet.

2.1 Nasjonale forventningar og regionale føringar

Det ligg føre ei rekkje sentrale føringar som er klarlagt i ulike stortingsmeldingar, rikspolitiske retningslinjer og statlege planretningslinjer. Dette femnar om nasjonale og regionale mål om bl.a. å ta vare på naturkvalitetar og ressursar, landskap, kulturkvalitetar samt friluftsliv og rekreasjon.

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging vart vedteke ved kongeleg resolusjon 20. juni 2023.

I forventningane er regional og kommunal planlegging trekt fram som gode verktøy for å utvikle eit meir berekraftig samfunn.

2030-agendane med dei 17 berekraftsmåla er særskilt trekt fram som viktige prioriteringar for å oppnå eit berekraftig samfunn i ei tid prega av usikkerheit.

Berekraftsmåla, dei nasjonale klima- og miljømåla og lokalt folkestyre skal danne fundamentet for samfunns- og arealplanlegginga, og skal legge til rette for levande lokalsamfunn over heile landet.

Omsynet til berekraft er knytt opp mot både velferdssamfunnet, klima og sosial tryggleik.

I forventingsdokumentet er det peikt på kva omsyn fylkeskommunane og kommunane bør leggje vekt på for å få gjennomført nasjonal politikk. Dokumentet er delt inn i følgjande kapittel:

- Samordning og samarbeid i planlegginga
- Trygge og inkluderande samfunn
- Velferd og berekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for framtida
- Samfunnssikkerheit og beredskap

Berekraftsmåla

Berekraftsmåla i arealplanlegging skal møtast gjennom kunnskapsbaserte planomtalar og konsekvensutgreiingar. Arealplanar skal vere basert på oppdatert kunnskap, at aktuelle alternativ vert vurdert, og at dei samla verknadane vert vurdert. Dette vil gje betre kunnskap om kva konsekvensar utbygging eller ny arealbruk vil ha for viktige natur- og samfunnsomsyn. Reduksjon av klimagassutslepp, klimatilpassing, bevaring av naturmangfald, bustadbehov, tryggleik, folkehelse og inkludering er døme på omsyn som må vektleggjast og styrkast i planlegginga for at ein skal nå berekraftmåla.

Statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing

På dette plannivået skal retningslina fortrinnsvis sikre at planlegginga bidreg til at samfunnet vert førebudd og tilpassa klimaendringane (klimatilpassing).

For å kunne førebygge tap av liv, helse, kritisk infrastruktur og andre materielle verdier er det nausynt at det, gjennom risiko- og sårbarhetsanalysar tidleg i planprosessen, vert vurdert om klimaendringar gjev eit endra risiko- og sårbarhetsbilette.

Det bør leggjast vekt på gode heilskaplege løysingar og ivaretaking av økosystem og arealbruk med betydning for klimatilpassing, som også kan bidra til auka kvalitet i uteområde. Planar skal ta omsyn til behovet for opne vassvegar, overordna blågrøne strukturar, og forsvarleg overvasshandtering.

Statleg planretningsline for bustad-, areal og transportplanlegging

Retningslina skal bidra til god samordning av bustad-, areal-, og transportplanlegging, samtidig som den skal legge til rette for eit godt og produktivt samspel mellom kommunar, stat og utbyggjarar for å sikre god utvikling av tettstader/knutepunkt.

Planlegginga av utbyggingsmønsteret og transportsystema skal legge til rette for utvikling av berekraftige tettstader, verdiskaping og næringsutvikling samt fremje helse, miljø og livskvalitet. Effektiv og trygg trafikkavvikling for næringstransport skal vektleggast i planlegginga.

Rikspolitiske retningslinjer for å styrke born og unge sine interesser i planlegginga

Føremålet med retningslinjene er å:

- a. Synleggjere og styrke barn og unges interesser i all planlegging og byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova.
- b. Gje kommunane betre grunnlag for å integrere og ivareta barn og unges interesser i sin løpande planlegging og byggesakshandsaming.
- c. Gje eit grunnlag for å vurdere saker der interessene til born og unge kjem i konflikt med andre omsyn/interesser.

På dette plannivået skal kommunen:

- a. vurdere konsekvensar for born og unge i plan- og byggesakshandsaminga etter plan- og bygningslova.
- b. Utarbeide retningsliner eller føresegner om omfang og kvalitet av areal og anlegg av betydning for born og unge, som skal sikrast i planar der born og unge er råka.
- c. Organisere planprosessen slik at synspunkt som gjeld born som råka part kjem fram og at ulike grupper born og unge sjølv vert gjeve høve til å delta.

2.2 Regionale føringar

I tillegg til ovannemnde nasjonale føringar ligg det føre ei rekkje regionale føringar som er klarlagt i ulike planar. Ein sentral regional plan for dette planarbeidet er:

- Regional plan for klima 2022-2035.

2.3 Lokale føringar

Det ligg føre både vedteken kommuneplan og reguleringsplan for planområdet, samt fleire aktuelle temaplanar og rapportar. I tillegg er kommunen godt i gang med oppstartsfasen for revisjon av arealdel til kommuneplanen for Årdal kommune.

2.4 Kommuneplan for Årdal kommune – Samfunnsdelen, vedteken 16.06.2022

I samfunnsplanen er det utarbeidd ein visjon for Årdal kommune: Teknologi og miljø inn i framtida. Hovudmålet i samfunnsplanen er «Årdal eit berekraftig lokalsamfunn med sterke bukvalitetar». Utifrå dette er det utvikla 7 overordna mål for 2022-2030:

- Sikrar god helse, universell utforming og fremjar livskvalitet for alle
- Årdal har mange og gode møteplassar som bidreg til høg bulyst og samarbeid på tvers i samfunnet
- Årdal er prega av eit sterkt kulturliv med idrett, friluftsliv og frivillig arbeid
- Årdal er eit klima-, natur- og miljøvenleg samfunn
- Vekst i tal arbeidsplassar er basert på grøn teknologi og sirkulærøkonomi
- Teknologi og miljø gjennomsyrrer heile lokalsamfunnet
- Årdal har høg kvalitet på kommunale tenester

Utifrå dette er det i samfunnsplanen også definert nokre delmål for arealstrategi, inkludert detaljreguleringar. Aktuelle delmål for dette planarbeidet er:

- Arealbruken i Årdal kommune er klima- og arealnøytral med tydelege utbyggingsgrenser. I denne planen bidreg ein til dette ved at utbygging ikkje reduserer dyrka mark og nyttar masseoverskot frå større vegprosjekt i Årdal til samfunnsnyttige føremål.
- Årdal har ein tydeleg arealpolitikk som sikrar areal for ny utvikling. I denne planen bidreg ein til dette ved at utbyggingsområde nyttar eksisterande infrastruktur.

2.5 Kommuneplan for Årdal kommune – Arealdelen, vedteken 14.06.2012

I arealdelen til kommuneplanen er planområdet avsett til næringsføremål. Følgjande føresegner frå arealdelen er aktuelle for dette planarbeidet:

§1-2 Plankrav til område for bygningar og anlegg

I område sett av til noverande eller framtidige bygningar og anlegg kan arbeid og tiltak som nemnt i PBL § 20-1 1. leidd bokstav a, d, g, k og l samt frådelling til slike formål ikkje gjennomførast før området inngår i reguleringsplan etter PBL § 12-1. Kravet om reguleringsplan gjeld ikkje for noverande næringsverksemdar (industri).

§1-3 a) Krav til nærare angitte løysingar for teknisk infrastruktur

Innafor områder sett av til bygningar og anlegg med underformål, kan utbygging ikkje finne stad før vatn, avlaup, energiforsyning, tele- og datakommunikasjon samt vegnett (herunder gang- og sykkelveggar) er etablert.

§1-3 b) Uteopphaldsareal og parkering

I sentrumsområde, næringsareal og bustadområde skal uteopphaldsareal og parkering vere ferdig opparbeidd samtidig/før det vert gjeve bruksløyve.

§1-4 b) Universell utforming

I all plan- og byggesakshandsaming skal det gjerast skrifteleg greie for korleis omsynet til universell utforming er ivareteke. Det skal særskilt leggjast vekt på universell utforming av områder og bygg som er offentleg tilgjengelege.

§1-4 d) Parkering

Innanfor avgrensinga av sentrumsformål i Øvre Årdal og på Årdalstangen gjeld følgjande krav til parkering (BRA vert rekna etter NS 3940):


- Minst 10 % av parkeringsplassane til nærings- og offentleg formål skal vere utforma og avsett til handikap-parkering.

§1-5 Miljøkvalitet c) Estetikk og landskapstilpassing

Estetikk, arkitektur og landskapstilpassing skal omtalast som eige tema i alle reguleringsplanar.

§2-2 e) Område for bygg og anlegg – næringsverksemd

Innafor område avsett til næringsverksemd kan det etablerast industri, lager og kontor



Figur 2.1: Utsnitt frå arealdelen til kommuneplanen (kjelde: kommunekart.com)

2.6 Gjeldande reguleringsplan

Planområdet er regulert til industriføremål i reguleringsplan Industriområde ved Finnsåstunnelen, vedteke 11.11.1999.

2.7 Kommunedelplan avlaup og overvatn, vedteke 2023


Frå kommunedelplanen er det eit viktig tema for dette planarbeidet korleis overvatn skal handterast. For å redusere belastinga på overvassnettet legg Årdal kommune til grunn tre prinsipp for overvasshandtering, som kan nyttast kvar for seg eller i kombinasjon. Desse prinsippa er lokal overvasshandtering, permeable flater og naturlege vassvegar. Val av løysing vil avhenge av stadlege føresetnadar og økonomiske tilhøve.

3 Planområdet – eksisterende situasjon

3.1 Planområdet og dagens situasjon

Planområdet ligg på Årdalstangen, inst i Årdalsfjorden, og omfattar eit areal som over tid har vore regulert til industriføremål, men har vore nytta som deponiområde i fleire omgangar. Dette er i hovudsak frå deponering av massar knytt til tunnelprosjekt. Deponimassane er planerte. Sett vekk frå manglande opparbeiding av VA-nett hadde tomte vore definert som å vere byggjeklar.

Planområdet ligg på sørsida av Fv. 53 Vikadalsvegen, eit par meter lågare enn fylkesvegen. Nord for planområdet er det eit belte med LNF-areal før bustadfeltet langs Langvollvegen og Geisdalsvegen. Søraust for planområdet renn elva Geisdøla. Mot sør og vest er det industriarealet til Hydro som er næraste nabo.



Figur 3.1: Kartutsnittet syner plassering av planområdet (kjelde: kommune kart.com)



Figur 3.2: 3D-Satellittfoto som syner tomte på nedsida av fylkesvegen til høgre i biletet (kjelde: Google Maps)

3.2 Infrastruktur

Tomta har tilkomst direkte frå fv.53 som er hovudferdsleåra til/frå Årdal med ÅDT (2022) på 1 000 med del tunge/lange køyretøy på 15%. Fartsgrensa på fylkesvegen er 50 km/t. Tomta er ikkje knytt til offentleg vassforsyning og avlaup. Det er gode føresetnadar for tilgang på straum i området med fleire trafoar og nettstasjonar.

3.3 Ureining

Det er ikkje registrert ureining eller mistanke om ureining innanfor området.

3.4 Støy

Støykart frå Statens vegvesen syner at areala som er lokalisert nærast Fv.53 ligg innanfor gul støysone.

3.5 Beredskap

Området ligg inn til veg der det vert transportert farleg gods, og grensar til nærings-/industriverksemder på Årdalstangen. Som ein del av produksjonen vert det lagra og nytta stoff som medfører fare for brann og eksplosjon. Verksemda har eiga risikoanalyse og driv kontinuerleg arbeid for å handtere tryggleiken. Omsyn til storulukkesverksemd er eit sentralt tema i ROS-analysen og det er vurdert at planområdet og etablering av miljøstasjonen er lite sårbart.

3.6 Naturtilhøve

Frå portalen til Fylkesatlas er det ikkje registrert særskilde verdiar knytt til naturtypar eller naturmangfald. Det er avgrensa med vegetasjon innanfor planområdet.

3.7 Skredfare

Tomta ligg innanfor område for farekartlegging gjennomført i 2023. Tomta ligg i følgje rapporten delvis innanfor område med årleg sannsyn for skred $\geq 1/5000$ og $1/1000$ (heilt i sør). Inndeling av tiltaket i sikkerheitsklassa(r) og plassering av funksjonar er eit sentralt tema i planarbeidet.

3.8 Flaumfare

Norconsult Norge AS har utarbeidd flaumvurdering for Geisdøla, lokalisert i søraustre del av planområdet. Flaumvurderinga har synleggjort to scenario for flaumsituasjon i Geisdøla:


- I det første scenarioet er det lagt til grunn at alt vatnet innanfor nedslagsfeltet til Geisdøla, følger elva forbi planområdet. I dette scenarioet går det fram at dagens kulvert under Fv.53 har kapasitet til å ta unna ein 200-årsflaum, men kulverten har ikkje tilstrekkeleg kapasitet til å ta unna ein 200-årsflaum inkludert klimapåslag. Ved ein 200-årsflaum inkl. klimapåslag går ca. 37 m³/s gjennom kulverten, og resten av vatnet renn forbi kulverten, sjå Figur 4.6. På grunn av avgrensa avleiingskapasitet ved kulverten vil flaumvatnet gå over vegbana og flaume over arealet som i planframlegget er sett av til bygg- og anleggsfremål.

Jamfør rettleiaren til NVE, sikkerheit mot flaum, er det tilrådd eit prosentvis påslag på vassføringa, som sikkerheitspåslag. Jamfør rettleiaren er den flaumberekningsklassen og den hydrauliske modellen vurdert til høvesvis å vere i klasse 3 og klasse D. Simuleringa med 40 % påslag i flaumvassføringa (200-årsflaum inkl. klimapåslag) gjev ei auke i resulterande flaumvasstand i Geisdøla ved planområdet på opp mot 30 cm. I flaumvurderinga vert det tilrådd at ein i planframlegget nyttar berekna flaumvasstand inkl. sikkerheitspåslaget. All infrastruktur som kan verte skada av flaum, bør sikrast til mist dette nivået, ev. høgare i området nærast vassdraget. Terrengendingar og øvrig infrastruktur bør utformast slik at flaumvasstanden i området ikkje aukar.

- I det andre scenarioet legg ein til grunn eksisterande flaumtunnel i vassdraget, som overfører vassføringa i Geisdøla gjennom fjellet og direkte ut mot fjorden. Kapasitetsberekninga syner at tunnelen har tilstrekkeleg kapasitet til å ta unna flaumvassføringa ved inntaket for 200-årsflaum inkl. 40% klimapåslag. I dette scenarioet er flaumvassføringa ved planområdet berre frå restfeltet nedstraums flaumtunnelen. Kulverten under Fv.53 har kapasitet til å ta unna denne vassføringa.

Dersom flaumtunnelen er i drift, vil planområdet vere flaumsikkert. For flaumberekningar føreset ein normalt eit worst-case scenario kor flaumtunnelen er stengt. Tunnelen kan t.d. stengast av på grunn av ras eller tre og andre ting som kan blokkere innløpet til flaumtunnelen. Hydro opplyser om at tunnelen har vore i drift sidan 50-talet og at dei har innarbeidd rutinar for å inspisere og om naudsynt rydde tunnelen to gongar per år.


Med bakgrunn i at tunnelen har synt seg å vere driftssikker over lang tid, samt Hydro sine rutinar for drift og vedlikehald er det andre scenarioet lagt til grunn for planframlegget og i ROS-analysen til planframlegget.



Figur 3.3: Djupne x hastigheit (m x m/s) i Geisdøla ved planområdet, 200-årsflaum inkl. 40 % klimapåslag (Kjelde: Norconsult).



Figur 3.4: Inntaket ved flaumtunnelen (Biletet er motteke frå Årdal kommune).



Figur 3.5: Plassering av flaumtunnel (Kjelde: Årdal kommune).

3.9 Områdestabilitet

Planområdet ligg innanfor marin grense. Til reguleringsplanen er det utarbeidd ei utgreiing av områdeskredfare i samsvar med NVE-rettleiar 1/2019. Rapporten konkluderer med at det ikkje er fare for områdeskred som omfattar tiltaket.

3.10 Landskap

Frå databasen til NiN-kart går det fram at området er del av landskapstypen «nedskore fjordlandskap med tett busetnad». Landskapstypen fjordlandskap omfattar fjordlandskap der dalforma er smal og djupt nedskore frå kringliggjande åsar, fjell og/eller slettelandskap. Landskapet er tydeleg prega av intensiv arealbruk med ein større tettstad, småby eller fritidsbusetnad med høg bygningstettleik.

3.11 Friluftsliv og rekreasjon

Frå portalen til Fylkesatlas er det ikkje registrert særskilde verdiar knytt til friluftsliv og rekreasjon for planområdet.

3.12 Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne, verneverdige kulturminne eller SEFRAK-bygg innanfor eller i snarleg nærleik til planområdet.

Andre naudsynte funksjonar er areal for levering av hageavfall, konteinerar for mottak av farleg avfall og parkeringsplassar tilknytt drifta.

Miljøstasjon er primæraktiviteten, men føremålet opnar også for at det kan etablerast andre aktivitetar/funksjonar med tilknytning til primæraktiviteten. Dette kan til dømes vere kontorplassar knytt til SIMAS IKS sin aktivitet, lager, foredling av kompostjord, m.m.

4.3 Avkøyrsløse og tilkomst

Til miljøstasjonen vert dagens avkøyrsløse frå Fv.53 utbetra. Det er lagt til grunn at avkøyringa skal opparbeidast i samsvar med plan- og profildeikningar i vedlegg B. Utbetringa omfattar utbetring av dagens kurvatur og vertikallinjeføring.



Figur 4.2: Utklypp frå vegmodell, sett frå nord

Handbok N100 frå Statens vegvesen er lagt til grunn for avkøyrsløse, med følgjande føresetnadar:

- Tilkomsten skal utformast som avkøyrsløse fordi trafikken på fylkesvegen er ÅDT <2 000, jf. krav 4.1.4.1-1.
- Hjørneavrunding skal utførast som enkel sirkelkurve med radius $R=9$ m, jf. krav 4.1.4.1-3.
- Vertikalkurvatur skal oppfylle krav til kryss sidan avkøyrsløse truleg får ÅDT > 50, jf. krav 4.1.4.1-4.

Med omsyn til sikt er følgjande føresetnadar lagt til grunn:

- Stoppsikt:
Fartsgrense 80 km/t = 110 m (ved $R_h=325$). Vegen er flat, så ingen korreksjon for stigning.
Fartsgrense 50 km/t = 45 m. Korreksjon for stigning reduserer kravet med 1 meter. For løysinga er det lagt til grunn 45 meter.


- SIMAS IKS opplyser at det kan være godt over 50 køyretøy til miljøstasjonen på ein dag, og til og med over 100 køyretøy. Miljøstasjonen er open tre dagar i veka.

For løysinga er det lagt til grunn 100 bilar per opningsdag. Det vert 300 bilar i veka. Vidare er det lagt til grunn 47 arbeidsveker i året. Reknestykket vert $(300 \times 47) / 365 = \text{ÅDT } 38,6$.

Sikt vert dimensjonert for avkøyrsløse og siktkravet vert 4×110 m mot sør og 4×45 m mot nord.

Tabell 4.1.4.2—1 — Siktkrav i avkjørsler, L2.

Trafikkmengde i avkjørsel	Fartsgrense 30 og 40 km/t	Fartsgrense 50 og 60 km/t	Fartsgrense 80 km/t	Fartsgrense 90 km/t
ÅDT < 50	3	4	4	6
ÅDT > 50	4	6	6	8




Figur 4.3: Siktkrav i kryss frå N100 (figur 4.1.4.2-1). L2 målast frå kantlinja.

Dimensjonerende køyretøy for spring er vogntog (lengde lik 22 meter). Det er lagt til grunn køyremåte C for vogntog. Personbil har køyremåte A.



Figur 4.4: Sporing inn med vogntog på 22 meter



Figur 4.5: Sporing ut med vogntog på 22 meter.

Endeleg plassering av internvegar skal prosjekterast som del av byggesøknad, saman med plasseringa av andre funksjonar på tomta. For interne vegar er det lagt til grunn vegbreidde på 3 meter + skulder. Vogntog på 22 meter er lagt til grunn som dimensjonerande køyretøy for spring.

4.4 Annan veggrunn – grøntanlegg (AVG)

Sideareala til Fv. 53 er regulert til annan veggrunn – grøntanlegg og dekker naudsynt behov for veggrøfter, snøopplag og tryggjar gode driftstilhøve for vegen.

4.5 Grønstruktur (G)

Det er lagt inn areal til vegetasjonsskjerm kring miljøstasjonen, det vert også lagt til rette for vegetasjonsskjerming/beplanting internt i området. Vegetasjonsskjerm skal bidra til å skjerme området og avgrense dei landskapsmessige konsekvensane av miljøstasjonen.

Det vil vera viktig at tiltaka, som for eksempel vegfyllingar, skjeringar, planerte tomter og gravearbeid, vert avslutta på ein god måte.

Grønstrukturen skal opparbeidast og fungere som ein del av anlegget.

4.6 Landbruks-, natur- og friluftsføremål (LNF)

For LNF-området gjeld føringar gjeve i arealdelen til kommuneplanen. Det er ikkje lagt opp til å gjere tiltak her.

4.7 Omsynssoner

Ved sida av arealbruksformål er det i planen sett av omsynssoner. Desse synleggjer omsyn som må takast i den vidare detaljprosjekteringa, samt i samband med utbygging og bruk av areal.

Faresonene er henta frå faresonekartlegging knytt til områdeplanarbeidet. Dimensjonering, nøyaktig plassering og opparbeiding av tryggingstiltak før det kan gjevast bruksløyve, er trygga i plankart og som rekkjefølgjekrav.

4.7.1 Frisikt

Det er sett av frisiktsoner til alle offentlege vegareal. I frisiktsonene skal det vere frisikt ned til ei høgd på 0,5 meter over køyrebane på tilgrensande vegar. Føresegnene stiller krav om at det ikkje skal plasserast sikthindrande objekt i sona.

I samsvar med N100 vert sikt dimensjonert for avkøyrsløse og siktkravet vert 4x110 m mot sør og 4x45 m mot nord. Grunngeving følgjer av kap. 4.3.

4.7.2 Støysoner

Omsynssone støy er sett av i samsvar med den konservative/overordna støykartlegginga til Statens vegvesen. Det er som del planframlegget ikkje lagt til rette for funksjonar/tiltak som føreset uteopphaldsareal. Det vert lagt til grunn at nye tiltak skal prosjekterast for å tilfredsstille krav til innandørs lydtilhøve i samsvar med NS 8175:2012.

4.7.3 Faresone – skred, H310

I NVE Ekstern rapport nr. 10/2023 Faresoneutredning skred i bratt terreng – Årdal kommune, er det gjennomført skredfarekartlegging, som omfattar planområdet. I kartlegginga går det fram at aktuelle skredtypar innanfor planområdet er steinsprang og flaumskred. Innanfor areal som er sett av til bygg- og anleggspålegg er det skred med årleg sannsyn $\geq 1/1000$ (S2) og $\geq 1/5000$ (S3), som gjer seg gjeldande. I konseptet som ligg til grunn for planframlegget er plassering av funksjonar / tiltak gjort med omsyn til å ikkje kome i konflikt med krav til sikkerheit, slik dette er definert i TEK17 § 7-3. Det er utarbeidd føresegner som tek i vare krava til sikkerheit mot skred, jf. TEK17 § 7-3.

4.7.4 Brann-/eksplosjonsfare, H350

Planområdet grensar mot vest til Hydro Aluminium Årdal Metallverk Karbon. Karbonfabrikken med kaianlegg er eit såkalla storulukkeanlegg, fordi det handterer så store mengder farlege kjemikaliar at det er omfatta av storulukkeforskrifta.

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) har etablert akseptkriteria for kva som kan lokaliserast innanfor risikokonturane til eit anlegg som handterer farleg stoff. Frå retningslinjene til DSB for utarbeiding av risikokonturar, skal det bereknast tre risikokonturar kring kvart anlegg, som avgrensar ei indre sone, midtre sone og ytre sone. Desse sonene vert omtalt som omsynssoner og kva DSB vurderer som akseptabel arealbruk innanfor dei ulike sonene går fram av figuren under.

Hensynssone	Hensynssonene for Farlig stoff-anlegg går ut:	Hensynssonene for Eksplosivanlegg går ut:	Bestemmelser for hensynssonene (objekter og aktiviteter akseptert i sonen)
Indre sone	Til risikokontur 10^{-5}	Til sikkerhetsavstand etter tabellverdier	<p>Dette er i utgangspunktet virksomhetens eget område.</p> <p>I tillegg kan for eksempel LNF-område inngå i indre sone. Kun kortvarig forbi-passering for tredjeperson (turveier etc.).</p>
Midtre sone	Til risikokontur 10^{-6}	Til sikkerhetsavstand etter tabellverdier	<p>Offentlig vei, jernbane, kai og lignende. Faste arbeidsplasser innen industri- og kontorvirksomhet kan også ligge her. I denne sonen skal det ikke være overnatting eller boliger. Spredt boligbebyggelse kan aksepteres i enkelte tilfeller.</p>
Ytre sone	Til risikokontur 10^{-7}	Til sikkerhetsavstand etter tabellverdier	<p>Områder regulert for boligformål og annen bruk av den allmenne befolkningen kan inngå i ytre sone, herunder butikker og mindre overnattingssteder.</p>
Utenfor ytre sone	Ingen hensynssone utenfor ytre sone	Ingen hensynssone utenfor ytre sone	<p>Skoler, barnehager, sykehjem, sykehus og lignende institusjoner, kjøpesenter, hoteller eller store publikumsarenaer må plasseres utenfor ytre sone.</p>

Figur 4.6: Akseptkriterier for omsynssoner kring anlegg som handterer farleg stoff (Kjelde: DSB).

Norconsult Norge AS har vore i kontakt med DSB, med spørsmål om i kva sone ein kan plassere ein miljøstasjon som er open for innbyggjarane. I DSB svar legg dei til grunn at det er nærliggande å definere at denne type aktivitet samsvara mest med den type aktivitet som er tillate i ytre sone.

Til dette planarbeidet har Det Norske Veritas (DNV), på vegne av Hydro, utarbeidd ei risikovurdering knytt til plasseringa av miljøstasjonen, som nabo til Hydro-anlegget. I vurderinga til DNV går det fram at planområdet som heilskap ligg i ytre sone. I hovudsak på grunn av høgdeskilnaden på ca. 10 meter frå Hydro-anlegget og opp til miljøstasjonen.

Til planframlegget er det utarbeidd føresegner som sikrar at det innanfor faresona ikkje kan etablerast tiltak som høyrer til i kategorien «Utanfor ytre sone», jf. kriteria fastsett av DSB.

5 Verknadar av planframlegget

5.1 Staden sin karakter, landskap og estetikk

Tomta er i dag eit ope deponiområde tett på fylkesvegen, omkransa av låg vegetasjon. Med omsyn til ålmenta er det særskilt frå fylkesvegen at den nye miljøstasjonen vil ha påverknad på korleis anlegget vert oppfatta å innordne seg landskapet og stadkarakteren.

Som avbøtande tiltak ligg det godt til rette for at ein kan gjere seg nytte av stadeigen vegetasjon, irekna lauvtre. Høgdeskilnaden mellom miljøstasjonen og fylkesvegen gjev gode føresetnadar for at vegetasjon både vil kunne skjerme for direkte innsyn frå veggen, samstundes som utsynet mot fjord og fjell vert oppretthalde.

I kraft av sine krav til innhald og funksjon vil estetisk utforming for ein miljøstasjon verte vurdert med andre føresetnadar enn t.d. eit bustadområde. Med tanke på organisering og utforming av miljøstasjonen er det gjennom konseptet lagt til grunn ein funksjonell, stram og ryddig struktur av funksjonar. Det er gjort nytte av høgdeskilnaden mellom tomta og fylkesvegen for å gøyme vekk funksjonar for lager og oppbevaring. Funksjonalitet og god organisering for drift legg eit godt grunnlag for at miljøstasjonen over tid skal stå fram som eit ryddig areal, som ikkje skjemma omgjevnadane.

Arealbruken er avklara i overordna planverk og det er vurdert at miljøstasjonen vil byggje opp under den industrielle karakteren for denne delen av Årdalstangen. Omsynet til landskap og estetikk er ivareteke gjennom konseptet og føresetnadane som er satt i planframlegget.

5.2 Støy

Det er vurdert at tiltaka i planframlegget ikkje kjem i konflikt med grenseverdier knytt til støysone frå Fv.53.

Med omsyn til utandørs støy ved bustadfelt/fritidsbustadar i nærleiken av miljøstasjonen, skal drifta ikkje overskride grenseverdiane som følgjer av tabell 2 i Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021).

For vurdering av støy er det lagt til grunn at drifta av miljøstasjonen omfattar mottak, omlasting og mellomlagring av sortert avfall. På miljøstasjonen skal ein ikkje behandle eller deponere avfall. Miljøstasjonen kan ta i mot avfall frå hushaldningar og mindre mengder avfall frå verksemder.

Med bakgrunn i avstanden til næraste bustadar / fritidsbustadar, avgrensa opningstid og den erfaringa som SIMAS IKS har med drift av miljøstasjonar, er det vurdert at drifta ikkje vil leie til støynivå som overskrider grenseverdiane i tabell 2. Det er difor ikkje utarbeidd støyutredning for tiltaka i dette planframlegget.

Dette hindrar ikkje at Statsforvaltaren kan pålegge utarbeidd støyutgreiing, t.d. ved mistanke om overskriding av grensene og/eller dersom aktiviteten innanfor planområdet ikkje er i samsvar med føresetnadane som er lagt til grunn for vurderinga her.

5.3 Friluftsliv

Planområdet har ikkje særskilde verdier for friluftsliv i dag. Tomta er òg vurdert til å ha eit avgrensa framtidig potensial og attraktivitet som friluftsområde (alternativ bruk).

5.4 Naturmangfald

Det er ikkje registrert naturmangfaldsverdiar innanfor planområdet som vert råka av planframlegget.

Planen legg til rett for noko opparbeiding av grøne element (grøntsoner) på dagens fylling. Desse områda vil potensielt kunne gje noko positive konsekvensar for naturmangfaldet i området.

5.5 Kulturmiljø

Det er ikkje registrerte kulturminneverdiar innanfor planområdet. Dei planlagde tiltaka vil byggje opp under karakteren til den historiske industri- og næringsaktiviteten på denne delen av Årdalstangen.

5.6 Teknisk infrastruktur

Vegtilkomsten frå Fv.53 vil verte utbetra gjennom rekkjefølgjekrav ved realisering av planframlegget og er i samsvar med N100.

Nye tiltak vil kunne koplast direkte til eksisterande straumnett, som er ført fram til tomta.

Nye tiltak er føresett tilkopla kommunalt vass- og avlaupsnett.

5.7 Born og unge sine interesser

Det er ikkje opplysningar som tilseier at området er nytta av born og unge i dag, eller har eit utprega potensial for bruk av barn og unge.

5.8 Universell tilgjenge

Drift og bruk av miljøstasjonen er i kraft av sin funksjon utfordrande for rørsle- og synshemma. Til planframlegget er det sett krav om at det skal opparbeidast minimum 1 HC-parkeringsplass. For tilrettelegging av arbeidsplassar på miljøstasjonen vert krav i arbeidsplassforskrifta lagt til grunn.

5.9 Eigedomsstruktur

Miljøstasjonen ligg i sin heilskap innanfor eigedomen gnr. 6, bnr. 404. Planarbeidet vil ikkje påverke eigedomsstrukturen i området.

Miljøstasjonen ligg ved fyllingsfoten til fylkesvegen. Det skal ikkje gjerast inngrep i denne.

6 Vurdering mot overordna mål og føringar

I dette kapitelet følgjer vurdering av planframlegget mot myndigheitskrav, overordna mål og føremålet med planen.

6.1 Risiko- og sårbarheit

Norconsult AS har på oppdrag frå SIMAS IKS utarbeidd risiko- og sårbarheitsanalyse som ein del av vedtaksgrunnlaget til detaljreguleringsplan for Miljøstasjon Årdal.

Denne analysen ivaretek krav i plan- og bygningslova om ROS-analyse til arealplan i samsvar med § 4-3 i plan- og bygningslova. Avdekte tilhøve som er knytt til tiltak, er summert opp i sårbarheitsvurderinga i denne analysen.

Analysen har hatt som formål å gje ei brei, overordna, representativ og vedtaksrelevant framstilling av risiko for tap av verdiar knytt til liv og helse, stabilitet og materielle verdiar.

Planområdet fremstår generelt, med dei tiltak som er beskrive og føresett følgt, som lite til moderat sårbart.

Det har vorte gjennomført ein innleiande fareidentifikasjon og sårbarheitsvurdering av dei tema som gjennom fareidentifikasjonen framsto som relevante. Følgjande farer har vorte utgreia:

- Skred i bratt terreng
- Flaum i vassdrag
- Ekstremnedbør
- Skog-/lyngbrann
- Brann/eksplosjon ved industrianlegg
- Kjemikalieutslepp og anna ureining
- Transport av farleg gods

Av desse verkar planområdet å vere moderat sårbart for skogbrann og transport av farleg gods, og det vart difor utført risikoanalysar av desse farane. Analysane syner at hendingane er vurdert til å ha akseptabel risiko (gul sone der tiltak skal vurderast).

Aktuelt tiltak knytt til skogbrann er å sikre god brannberedskap i tørre periodar, knytt til anleggsarbeidet. Skogen i området er også lagt til grunn for vurderinga av faresoner knytt til skredfare i bratt terreng. Skogbrann må også inngå i risikovurdering og beredskap knytt til drifta av anlegget.

Når det gjeld transport av farleg gods er det ingen tiltak som er vurdert å vere relevante ut ifrå ei kost-/nyttevurdering, utover å ha ein forsvarleg beredskap hjå naudetatane.

Det er også, gjennom fareidentifikasjon og sårbarheitsvurdering identifisert tiltak som det ut ifrå samfunnssikkerheitsomsyn er naudsynt å gjennomføre for å unngå å bygge sårbarheit inn i dette planområdet. Tiltaka er samanfatta i kap. 6.1.1 og innarbeid i planframlegget.

6.1.1 Oppsummering av tiltak

Fare	Sårbarheits- og risikoreduserande tiltak
Skredfare bratt terreng	Planområdet vert liggjande innanfor sonene der årleg sannsyn for skred $\geq 1/100$ og $\geq 1/1000$. Tiltaka innanfor planområdet må vurderast med omsyn til aktuell sikkerheitsklasse angitt i TEK17, og bygga må

	plasserast/utformast slik at naudsynt sikkerheit mot skred vert oppnådd ism. TEK17 §7-3.
Ekstremnedbør/ overvann	Vidare prosjektering må ta omsyn til naudsynt klimapåslag. Overvasshandtering skal løysast innanfor planområdet. Overløp kan ikkje sleppast ut i elva, på grunn av for liten kapasitet i kulvert, og må om naudsynt gå i overløp til fjorden.
Skogbrann	Det må sikrast god brannberedskap i tørre periodar, knytt til anleggsarbeidet. Skogen i området er også lagt til grunn for vurderinga av faresoner knytt til skredfare i bratt terreng. Skogbrann må også inngå i risikovurdering og beredskap knytt til drifta av anlegget.
Brann/eksplosjon ved industrianlegg og kjemikalieutslipp/akutt forurensning	Miljøstasjonen må forhalde seg til informasjon og beredskapstiltak knytt til Hydro sitt LPG-anlegg. Dette og eigne tilhøve som angår brann/eksplosjon og kjemikalieutslipp/akutt ureining knytt til drifta av anlegget, må følgjast opp ism. gjeldande regelverk, irekna risikovurderingar og beredskapsplanverk.
Fremkommelighet for utrykningskjøretøy og sløkkevann	Krav til framkomst for utrykningskjøretøy og sløkkevatn (TEK17 § 11-17) skal følgjast opp ved planlegging/detaljprosjektering av areal og bygningar i området. Tilgjenge for kjøretøya og materiellet til brannvesenet må også ivaretaast for eksisterande bygningar i området, også under anleggsperioden. Det er føreset at krav til sløkkevatn vert 50 l/s.
VA-anlegg/-leidningsnett	Nye VA-anlegg skal tilpassast aktuelle tiltak. Eksisterande VA-leidningar innanfor planområdet må påvisast og takast omsyn til som del av anleggsarbeidet.
Eksisterande og ny kraftforsyning	Kapasiteten til kraftforsyninga må tilpassast planlagde tiltak, og eksisterande kraftforsyning må takast omsyn til under anleggsarbeid gjennom kabelpåvising.

6.2 Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova

Naturmangfaldslova femnar om all natur og alle sektorar som forvaltar natur eller som fattar vedtak som kan ha konsekvensar for natur. Gjennom lova er det, bl.a. innført forvaltningsmål for naturtypar og artar, krav til kunnskapsgrunnlag og rettslege prinsipp for natur (føre-var, samla belasting m.m.).

Formålsparagraf (§ 1) i lova har følgjande ordlyd:

«Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved berekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.»

Av § 8, første leidd i naturmangfaldslova går det fram at vedtak som rører naturmangfaldet skal bygge på vitskapeleg kunnskap om artar sin bestandsituasjon, naturtypar si utbreiing og økologisk tilstand samt effekten av påverknad. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å vere tilstrekkeleg.

Føre-var-prinsippet og kostnader etter §§ 9 og 11 i naturmangfaldslova er vurdert til ikkje å vere aktuelt.

Det er ikkje avdekt omsyn som inneber at det bør stillast krav om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar etter § 12 i naturmangfaldslova.

6.3 Berekraft

Planprosessen har inkludert både ROS-analyse og planomtale som samla vurderer verknadane av og alternativ til det endelege planframlegget. Ved utarbeiding av dette planframlegget vart det identifisert manglande kunnskap knytt til flaumfare frå Geisdøla og kva påverknad flaum kunne ha på planområdet. Kunnskapsgrunnlaget vart difor oppdatert gjennom flaumkartlegging, og resultatet er innarbeidd i planframlegget. Lokalisering av miljøstasjonen tett på Hydro sitt anlegg og potensiell eksplosjonsfare var òg eit tema som kravde ytterlegare vurderingar. Utover dette har ikkje planarbeidet avdekket konflikter knytt til naturmangfald, tryggleik, folkehelse, m.m. Med omsyn til klima- og transport er det vurdert som positivt at ein ny miljøstasjon vert lokalisert tett på hovudferdsleåra gjennom kommunen, samt at miljøstasjonen i seg sjølv kan bidra til at innbyggjarane kan gjere gode val for sortering og ny bruk av avfall.

6.4 Kommunale arealplanar

Området er avsett til industriføremål i arealdelen til kommuneplanen. Det er vurdert at planframlegget er i samsvar med overordna plan. Alternativutgreiinga i forkant av planarbeidet konkluderer med at dette arealet vil vere det mest tenlege for ny miljøstasjon i Årdal kommune.

6.5 Nasjonale forventningar og statlege planretningslinjer

Planforslaget er vurdert å ikkje vere i strid med nasjonale forventningar og/eller statlege planretningslinjer.

6.6 Økonomiske konsekvensar

Planframlegget inneber at det må opparbeidast kryss mot Fv.53. Vidare skal alle naudsynte funksjonar for drift av miljøstasjon under SIMAS IKS etablerast. Det er lagt til grunn at kostnader knytt til infrastruktur, bygg og anlegg må takast av SIMAS IKS, og ev. med økonomiske bidrag frå Årdal kommune.

Vedlegg A: Merknader til varsel om oppstart av planarbeidet

Oppstart av planarbeidet vart kunngjort i Sogn Avis den 18.06.2024, samt på nettsida til Årdal kommune. Varselbrev vart sendt til naboar og offentlege etatar den 13.06.2024.

Varsel om utviding av planområdet vart kunngjort i Sogn Avis den 27.08.2024, samt på nettsida til Årdal kommune. Til varsel om utviding av planområdet kom det ikkje innspel med anna innhald/nye opplysningar enn det som allereie var kome inn i samband med oppstartsvarselet.

Dato	Merknad Organisasjon	Innhald	Kommentar
04.07.2024	NVE	<p>NVE syner til at planområdet er skredutsett og at det er gjennomført skredfarekartlegging for heile planområdet. NVE tilrår at faresone med sannsyn på mindre enn 1/100 visast som H310_1 Ras- og skredfare i plankartet, og at faresone med sannsyn mellom 1/100 og 1/1000 visast som H310_2. Faresone med sannsyn mellom 1/1000 og 1/5000 visast som H310_3. Til omsynssonene skal det knytast føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot skred, jf. TEK17 § 7-3, før tiltak kan finne stad. NVE har i uttale gjeve døme på utforming av føresegner.</p> <p>NVE syner til at planområdet ligg innanfor aktsemdområde for kvikkleireskred. NVE skriv at reell fare må avklarast før løyve til tiltak og at NVE-rettleiar 1/2019 bør leggjast til grunn.</p> <p>NVE syner til at planområdet ligg inntil eit vassdrag og tilrår å legge opp til ein arealbruk som ikkje leiar til inngrep i vassdraget.</p> <p>Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE har tilsendt planen ved offentleg ettersyn. I plandokumentet må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. NVE vil prioritere å gi uttale til reguleringsplanar der det blir bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde må vere vedlagt planar som blir sendt på høyring til NVE.</p>	<p>Tema naturfare (skred og flaum) vert følgt opp i planframlegget med ROS-analyse. Det er ikkje planlagt tiltak som føreset inngrep i vassdraget.</p>
11.07.2024	Statens vegvesen	<p>Statens vegvesen sitt innspel til planarbeidet</p> <p>Statens vegvesen vurderer at ein i planarbeidet må definere tilkomsten frå fv. 53 som eit kryss mellom to offentlege vegar, og planlegge ut frå krava til kryss i handbok N100. Planområdet må då utvidast slik at krysset med tilhøyrande siktsoner inngår i planen. Vegvesenet forventar at utforminga av krysset og byggegrense langs fylkesvegen vert avklara med Vestland fylkeskommune. Ev. fråvik frå vegnormalane må vere godkjent før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn.</p>	<p>Planframlegget set rekkjefølgjekrav om utbetring av avkøyrsløse i samsvar med krava i handbok N100.</p>
15.08.2024	Vestland fylkeskommune (VLFK)	<p>Følgjande regional plan er særskild viktig for dette planarbeidet:</p> <ul style="list-style-type: none">Regional plan for klima 2022-2035 <p>Det må synleggjerast i planomtalen korleis dei regionale føringane verkar inn på planen.</p>	<p>Innspela til planarbeidet er teke til orientering og innarbeida i planframlegget, i den grad dei adresserer</p>

	<p><u>Planfaglege merknadar</u> VLFK skriv at miljøstasjon er ein viktig funksjon som alle innbyggjarar har interesse i, det er difor særskild viktig at kommunen legg til rette for brei medverknad i planprosessen. Det er viktig å synleggjere korleis innspel som har kome fram gjennom medverknadsprosessen er vurdert og teke stilling til.</p> <p>VLFK rår til at føresegnar knytt til viktige tema, har «skal»-formuleringar i planen, samt ei grad av detaljar som sikrar at planen ikkje opnar for tolking. Tydelege føresegnar gjev kommunen eit viktig verkøy når dei konkrete løysingane i byggesaka skal vurderast. Ein tydeleg plan gjer det lettare for naboar, kommunen og utbyggjar å sjå føre seg korleis det nye byggeområdet vert i praksis.</p> <p><u>Klima, miljø og jordvern</u> Regional plan for klima inneheld retningslinjer for planlegging som skal leggest til grunn for planlegging i kommunane.</p> <p><u>Landskap, arkitektur og estetikk</u> VLFK skriv at utbygging vil ha verknad på landskapet, og bør såleis vere tilpassa landskapet. Planframlegget må difor sikre at byggjetiltak og infrastruktur innordnar seg dei fysiske omgjevnadane. Det vil vere positivt å syne realistiske illustrasjonar med omsyn til perspektiv og skala. Landskapsverknadar kan òg illustrerast godt og bør følgje planframlegget.</p> <p>VLFK rår vidare til å stille krav til mellom anna miljøkvalitet, estetikk, natur, landskap og grønstruktur gjennom føresegnene som bidreg til ei god estetisk og arkitektonisk utforming når det gjeld form, volum, stiluttrykk, materialbruk og fargar.</p> <p><u>Samferdsel</u> VLFK ber generelt om at følgjande tema vert tekne omsyn til i planprosessen:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til fylkesveg (kryss, avkøyrsløse, busslommer, tilbod til mjuke trafikantar m.m.) • Tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. busshaldeplassar, skule m.m.) • Byggegrenser til fylkesveg • Tiltaket sine konsekvensar for vegtrafikken i bygge- og anleggsfasen, med særleg fokus på mjuke trafikantar • Vegtrafikkstøy • Tekniske vegteikningar i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker • Grunnundersøkingar <p>Eventuelle fråvik frå handbok N100 skal vere godkjent av vegeigar før detaljreguleringsplanen vert lagt ut på offentleg ettersyn og høyring. Vidare skal tekniske teikningar også sendast til vegeigar før offentleg ettersyn.</p>	<p>relevante/aktuelle problemstillingar.</p> <p>Tema landskap, berekraft, naturfare, støy, storulukke og trafikktryggleik/veg er blant dei tema som har vore særskild relevante for dette planarbeidet. Naudsynte krav er følgt opp i føresegnene.</p>
--	---	--

		<p>Særskilde innspel til dette planarbeidet:</p> <ul style="list-style-type: none"> • VLFK legg til grunn at verknadane planløysingar har for vegtransport og vegnettet vert utgreidd og kjem tydeleg fram av planomtalen, ROS-analysen og ev. konsekvensutgreiing. • VLFK ber om at trafikktryggleik vert eit eige tema i planarbeidet. Både i planskilddinga, ROS-analysen og konsekvensutgreiinga (KU) der det er krav om KU. • Behov for rekkefølgjekrav • Særlege forhold med tanke på trafikktryggleik • Parkeringsdekning og – behov • Trafikkanalyse • Vurdere eigarforhold (t.d i forhold til bygging av fortau, gs-veg osv.) • Konsekvensar for drift og vedlikehald av vegnettet • Det kan verte behov for gjennomføringsavtale, særleg der det er rekkefølgjekrav om tiltak på fylkesveg. 	
15.08.2024	Statsforvaltaren i Vestland (SFV)	<p>SFV er positive til at det vert lagt til rette for miljøstasjon på Årdalstangen, og tenkjer at plasseringa på eit tidlegare deponiområde er god.</p> <p><u>Vurderingstema i planarbeidet</u> Aktuelle vurderingstema i dette planarbeidet kan vere m.a. vassdrag, naturmangfald, ureina grunn, framande artar og samfunnstryggleik og beredskap.</p> <p>Planomtalen skal gjere greie for verknadane planen kan ha for dei ulike interessene og omsyna som er aktuelle i og ved planområdet. SFV legg til grunn at det i planframlegget vert lagt vekt på å få til ei utbygging med løysingar for å minimere negative verknadar, og at dette går fram av plankart og føresegner.</p> <p><u>Samfunnstryggleik og ROS-analyse</u> Jamfør Pbl. § 4-3 skal det utarbeidast ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan.</p> <p>Alle risiko- og sårbarheitstilhøve skal merkast med omsynssone på plankartet. Krav til risiko- og/eller sårbarheitsreducerande tiltak skal gå fram av planføresegnene.</p>	<p>Innspela til planarbeidet er teke til orientering og innarbeida i planframlegget, i den grad dei adresserer relevante/aktuelle problemstillingar.</p> <p>Tema landskap, berekraft, naturfare, støy, storulukke og trafikktryggleik/veg er blant dei tema som har vore særskild relevante for dette planarbeidet. Naudsynte krav er følgt opp i føresegnene.</p> <p>ROS-analyse er utarbeida som del av planframlegget.</p>
	Privatperson		
14.06.2024	Gudrun Læg Reid	<p>Er sjokkert og skuffa over at Årdal kommune vel å leggje ny miljøstasjon på ei av dei få tomtene på Tangen der ein kunne hatt friluftsområde og mogelegvis tilgang ned til fjorden.</p> <p>Læg Reid undrar kvifor kommunen vil nytte denne tomta til føremålet, som vil leie til søppel, bråk og mykje unødvendig trafikk. Læg Reid syner til anlegget i Utladalen som eit grelt døme.</p>	<p>Innspelet er teke til orientering. For dette planarbeidet er det lagt til grunn alternativvurdering for plassering av miljøstasjon, utarbeida av Årdal kommune. Alternativvurderinga legg til grunn at Finnsåstomta er den</p>

		<p>Personleg vil ho også få verre utsikt frå sitt hus og meir trafikk.</p> <p>Læg Reid ber om at kommunen legg miljøstasjonen langt unna der folk bur og ferdast, slik som i andre kommunar.</p>	<p>lokaliteten som er best eigna for miljøstasjon.</p>
06.08.2024	Stig Klingenberg mfl.	<p>Er uroa for forverring av bustadmiljøet på Læg Reid med omsyn til støy, støv og lukt. Klingenberg syner til at næraste busetnad ligg 100-200 meter frå aktuell miljøstasjon. Stasjonen er lokalisert i sydvestleg retning, som også er dominerande vindretning, all ureining vil difor kome med vinden rett mot bustadfeltet. Klingenberg syner til at den gong det var steinknuseverk på tomta, kom både støy og steinstøv med vinden til bustadfeltet.</p> <p>Med omsyn til støy er Klingenberg uroa for lastebiltrafikk og tømning av containerar. Sjølv om noko kan dempast ved bygningsmessige tiltak, vil dette berre ha reduserande effekt og ikkje kunne redusere produsert støy til null (dagens verdiar).</p> <p>Uroa til støv er knytt til ev. knusing av avfall. Klingenberg skriv at slik aktivitet må skje i Festingadalen, og ikkje i nærleiken av bustadfelt. Andre tilfeldige støvutslepp må ein unngå, støvet vil hamne i bustadfeltet etter kort tid.</p> <p>Uroa knytt til lukt er knytt til ev. kompostering. Klingenberg skriv at det føreset at alt organisk avfall vert køyrt til Festingadalen for kompostering.</p> <p>Samla legg Klingenberg til grun at alle aktivitetar som leiar til støv og lukt skal vere i Festingadalen. Det vil vere eit paradoks at ev. produksjon av støv og lukt vert ein miljøversting tett på bustadfeltet.</p> <p>Uroa for ureining er også knytt til det Klingenberg skriv om at dei allereie opplev utfordringar med støv, lukt og støy frå anlegget til Hydro. Ytterlegare ureining vil få konsekvensar for bustadfeltet.</p> <p>Det vil også kunne verte eit problem med samling av fuglar knytt til miljøstasjonen, både med omsyn til støy og visuelt.</p> <p>Samla ønskjer Klingenberg at det vert funne ein annan lokasjon for miljøstasjon.</p>	<p>Innspelet er teke til orientering. For dette planarbeidet er det lagt til grunn alternativvurdering for plassering av miljøstasjon, utarbeida av Årdal kommune. Alternativvurderinga legg til grunn at Finnsåstomta er den lokaliteten som er best eigna for miljøstasjon.</p> <p>Driftsfasen, inkludert støy, er eit sentralt tema i dette planframlegget.</p>